

Vedtekter for Stiftinga Sunnhordland museum

§ 1. Namn og selskapsform

Museet er ei stifting etter regelverket i stiftelsesloven av 2001. Det offisielle namnet er Sunnhordland museum.

§ 2. Forretningskontor

Stiftinga sitt forretningskontor er på Stord.

§ 3. Føremål

Stiftinga Sunnhordland museum skal utvikla ein sterk og allsidig kunnskapsorganisasjon, og vera ein profilert samfunnsaktør som bidreg til å utvikla samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid i sunnhordlandsregionen.

Ut frå dette føremålet skal ein driva og utvikla museumsverksemda ved dei samlingane og tiltaka i regionen som er underlagde Sunnhordland Museum.

Verksemda skal leggjast opp og drivast etter retningslinjer som er godkjende av offentlege instansar.

§ 4. Eigedom og samlingar

Stiftinga forvaltar dei eigedomar, samlingar og bygningar som etter skriftleg avtale inngår i museumseininga. Sunnhordland museum kan ta opp i seg nye museum.

§ 5. Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital er kr. 50 000

§ 6. Styret

Styret er stiftinga sitt høgste organ.

Styret skal ha sju medlemmer som vert oppnemnde slik:

- Ein medlem med personleg varamedlem valde av og mellom dei tilsette.
- To medlemmer med personlege varamedlemer oppnemnde av Samarbeidsrådet for Sunnhordland.
- To medlemmer med personlege varamedlemer blir føreslått av valnemnda, jfr. § 8.
- To medlemmer med personlege varamedlemer oppnemnde av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen sine representantar er oppnemnde for fire år, dei andre for to år. Øvrige styremedlemmer kan ikkje veljast meir enn fem gonger.

Styret vel sjølv leiar og nestleiar for to år om gongen.

§ 7. Styret sine oppgåver

Styret skal leia verksemda i stiftinga og er ansvarleg for at stiftinga vert forvalta i samsvar med vedtektene.

Styret skal:

- Tilsetja Direktør og fastsetja løn og instruks for vedkommande. Tilsetja andre faste medarbeidarar med mindre slik mynde er delegert til Direktør.
- Fastsetja budsjett og overordna planar for drifta.
- Godkjenna årsrekneskap og årsmelding
- Sjå til at samlingar og eigedomar vert sikra og tekne hand om på best mogleg vis.

Styremøte vert kalla inn med 7 dagars varsel. Det vert kalla inn til styremøte når styreleiaren finn det nødvendig, eller når minst to av styremedlemene krev det. Styret kan gjera vedtak når minst fire medlemmer er til stades. Om røystetalet er likt, avgjer leiaren utfallet med dobbeltrøyst.

Det skal førast møtebok.

Styreleiar og Direktør teiknar i fellesskap stiftinga med underskriftene sine. Styret kan gje dagleg leiar prokura.

§ 8. Valnemd

Mellom styremedlemene oppnemner styret ei valnemd på tre personar. Valnemda skal føreslå to eksterne styremedlemmer med vararepresentantar og legg fram forslag til styreleiar og nestleiar.

§ 9. Direktør

Direktør skal ha det overordna faglege og administrative ansvaret for drifta av stiftinga, i samsvar med vedtekne budsjett, styrevedtak og andre fastlagde planar. Styret utarbeider instruks for dagleg leiar.

Direktør skal syta for at stiftinga sine rekneskapar er i samsvar med lov og forskrifter, og at forvaltninga av eiga er ordna på forsvarleg vis.

Direktør er sekretær for styret, og set i samråd med styreleiar opp saksliste med nødvendige saksutgreiingar og framlegg til vedtak i dei saker som vert lagt fram for styret. Direktør har talerett på styremøte, men ikkje stemmerett.

§10. Omdanning/vedtektsendring

Vedtektene som gjeld føremål og eigedom kan berre endrast ved fulltalig og samrøystes styremøte. Dei andre paragrafane kan endrast på fulltalig styremøte med fem av sju røyster.